



Fitjar kommune
Postboks 83
5418 FITJAR

Dato: 26.03.19
Vår ref.: 2019/1635
Saksbehandlar: ninhoel
Dykkar ref.: 2018/792-1164/2019

Att.: Olaug Haugen

Uttale til høyring for planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2020 – 2040, Fitjar kommune

Vi viser til brev datert 06.02.2019 om høyring av planprogram for ny kommuneplan 2020 – 2040, og med dette også varsel om oppstart av arbeidet med ny kommuneplan for same periode. Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Kommunen stilte i møte i *Regionalt planforum* den 26.03.2019, der planprogram for kommuneplanen samfunnsdel var tema for diskusjon.

Samfunnssdelen er eit verktøy for kommunen si heilsakaplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar. Samfunnssdelen skal også gje grunnlag for overordna prioriteringar i ein arealdel. Kommuneplanens samfunnsdel skal bygge på overordna planer og retningslinjer. Det kan vere verdt å merke seg at *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2015)* er under rullering, og vil bli erstatta av ny utgåve i løpet av våren 2019.

I regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 «Utviklingsplan for Hordaland», er det eit langsiktig mål at Hordaland skal vere berekraftig, attraktivt og nyskapande. For å oppnå dette er det gitt fire hovudmål:

- Høg sysselsetting
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Det er positivt å merke seg at samfunnsplanen til Fitjar i vesentleg grad følgjer desse måla gjennom å ha fokus på næringsutvikling, klima og miljø, folkehelse og tettstadutvikling.

Kommunen har i planprogrammet trekt fram grunnleggande prinsipp, som skal vere gjennomgåande innan alt virke, og følgeleg også i arbeid med planverk i kommunen. Ingen planar skal vere i konflikt med dei fire grunnleggande prinsippa, som er: *Berekraftig med omsyn på klima, natur, menneske og økonomi; Folkehelse og «Føre var»-prinsippet*. Det er positivt at kommunen løftar fram bærekraftigheit som eit viktig tema. Dette er i samsvar med Plan- og bygningslova som i føremålsparagrafen seier at: «*Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.*» I planforum vart det presentert at ein ønskte å løfte tema *Barn og unge* fram som eit grunnleggande premiss også, og late «føre var»-prinsippet vere dekka av *Berekraft*.

Fitjar kommune har trekt fram følgande sentrale nasjonale og regionale mål, som skal påverke kva hovudtema ein skal prioritere i kommuneplanen:

- A. Gode og effektive planprosessar med tydelege mål
- B. Krav om samhandling på tvers av sektorar
- C. Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- D. Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde
- E. Demokratisk medverknad og inkluderande samfunn
- F. Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Basert på føresetnader i høve til framdrift og medverknad; gjeldande planstrategi og dei grunnleggjande prinsippa er følgande hovudtema lagt fram i forslag til planprogram:

- Fitjar i berekraftig vekst
- Bulyst
- Levande sentrum
- Den grøne kommunen
- Smarte kommunale tenester
- Mangfald
- Sterke saman

Kommunen trekk også fram endringar i perioden 2020-2040 som vi vere fundamentale:

- Internasjonale pliktar i høve til klimautslepp
- Utfordringar med eldrebølga
- Eventuell realisering av Hordfast

Relevante planfaglege innspeil

Det er ei styrke at Fitjar er så tydelege på det breie og tverrsektorielle perspektivet. Dette viser god forståing for å sjå ulik tematikk og ulike sektorar i ein heilskapleg og tverrfaglege samanheng. Det er positivt at FN sine berekraftsmål er lagt til grunn. Det er også positivt at kommunane Stord, Fitjar og Børmlø samarbeider i utviklinga av sine samfunnsdelar til kommuneplanar, og slik sikrar at ein utviklar felles utviklingsperspektiv, kompetanse og strategiar.

Planprogrammet til høyring er generelt og kan med fordel spissast meir. Vår tilbakemelding er at ein kan vere konkret, det tener kommunen på. Utfordringane blir då tydelegare. Kvart hovudtema er drøfta på eit overordna nivå, men særleg på nokre av temaene ønskjer ein at kommunen kunne ha vald seg ut konkrete utfordringar eller kvalitetar som er viktige for Fitjar, og i større grad drøfta kva som gjer dette spesielt i Fitjarsamanheng. Vi saknar også ei kopling mellom hovudtema og føresetnader/prinsipp, samt strategi vidare for kvart tema.

Ein arealdel i ein kommuneplan kan gjerne innehalde klare strategiar for vidare arbeid, som også bind saman samfunnsdelen og ein seinare arealdel av kommuneplanen. Ein måte å gjere dette på er å ha ein «langsiktig arealstrategi» som eige kapittel, som peiker ut hovudretninga og dannar grunnlaget for kommuneplanen sin arealdel. Her bør hovudutfordringane for arealdisponering kome fram.

Vekst og senterutvikling

Regional plan for attraktive senter er særskilt relevant for samfunnsdelen til Fitjar kommune. Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal legge til rette for vekst i heile fylket, og er aktuell for det målretta arbeidet Fitjar har i høve til eigen senterstruktur. Kvart plantema innehold mål, planskildring, retningslinjer og handlingsprogram. Planen inneholder føresegner som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemd.

Attraktive sentra er meir enn fysisk planlegging. Det har med trivsel og vekst å gjere. Det er positivt at Fitjar vil satse på lokalsentra, og legge vekt på lokale handel- og servicetilbod; unike etableringar; tilbod til innbyggjarar/hyttefolk/turistar; miljøgater og lokal historie og uttrykk.

I eit planprogram bør kommunen drøfte kva som er unikt med Fitjar, og korleis ein kan framheve og forsterke dette gjennom vekst. Ønskjer ein vekst, må ein ned i materia kva som gjer at folk flyttar til Fitjar, eller flyttar heim att. Næringa er her viktig for å tilby arbeidsplassar, men også det gode liv på Fitjar med nærliek til barnehagar, skular, møteplassar og vakre naturnære omgjevnader. Korleis skal så Fitjar planlegge for å få til gode nærmiljø? Kva gjer Fitjar til ein attraktiv kommune?

I rullering av kommuneplan vil det gjerne kome nye perspektiv som ein vil ha med i ein arealstrategi. «Den grøne kommunen» og «Levande sentrum». Kva betyr dette i Fitjar-samanheng? Kva er strategiane for den familievenlege tettstaden med nærliek til alt? Korleis forankrar ein mål og virkemiddel for «bulyst og attraktivitet»? Kva er status på bustadreserven no? Og kva er talet på tomme næringslokaler?

Tema handel er også viktig i arbeidet med planprogram for kommuneplan. Også her er Regional plan for attraktive senter viktig å sjå til. Her er definert eit mål om at senter skal vere attraktive for handel med handelsverksem dimensjonert etter nivå i senterstrukturen. Utvikling av sentera i Hordaland i tråd med ein fastlagt senterstruktur skapar føreseilege rammar for både offentlege og private aktørar. Tydeleg satsing i utvalde senter vil gjere dei attraktive som lokaliseringsstad for tenester, handel og arbeidsplassar og kan setje i gong ein positiv etableringsspiral. Innad i den enkelte kommune er det behov for at kommunen fastsett lokalsenter og nærsenter kor ein ønskjer nye etableringar av handel og offentlege og private tenester av lokal karakter.

Folkehelse

Gjennom kommuneplanen skal kommunane kople ansvaret som ligg i folkehelselova inn i den kommunale planlegginga. Kommunen skal i arbeidet sitt med kommuneplaner etter plan- og bygningslova kapittel 11 fastsetje overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor.

Regional plan for folkehelse 2014 – 2025 har som overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland å bidra til eit langsigktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar. Visjonen for arbeidet er: Fleire gode leveår for alle!

Fitjar viser god forståing for folkehelsearbeidet som eit sektorovergripande omsyn, og sett folkehelse skal vere eit grunnleggjande prinsipp. Dette grepet er i tråd med dei nasjonale og regionale føringer om det samfunnsretta folkehelsearbeidet - «helse i alt vi gjer». Det vil vere viktig å byggje prioriteringane og strategiane kring folkehelsearbeidet opp mot Fitjar kommune si folkehelseoversikt.

Planprogrammet legg opp til omfattande medverknadsprosess, og kommunen viser til at medverknad i planlegginga har ein stor nytteverdi. For å nå alle innbyggjarane, vil det òg vere viktig å nå dei som ikkje er organiserte. Til dømes gjennom meir oppsökjande og uformell medverknad.

Vi oppmodar å setje lokalsamfunnsutvikling på dagsordenen i samfunnsplanen, og med blikk for å skapa dei gode prosessane nedanfrå-og-opp. Det er positivt at Fitjar ser for seg å setje fokus på bulyst, mangfold og levande lokalsamfunn i det vidare arbeidet.

I planprogrammet er sosiale møteplassar nemnt som eit viktig arbeid. Vi er samde i dette. Både det å skapa, oppretthalde og vidareutvikle slike møteplassar, er viktig å prioritera. Sosiale møteplasser har mellom anna ein stor verdi for fremje inkludering og psykisk helse.

Bustad og bustadpolitikk er viktig folkehelsetematikk. Mangfoldige typar bustader er viktig for å sikre trivsel for ulike befolkningsgrupper i ulike livssituasjonar. Digitalisering står nemnt som ei utfordring ved eldrebølgja. Digitalisering er òg ein ressurs og moglegheit i så måte. Mellom anna ved velferdsteknologiske tiltak og tilbod vere gunstig samfunnsøkonomisk. Til kommuneplanens samfunnsdel vil det vere viktig å ha fokus på strategi/arbeid knytt til reduksjon av sosial ulikskap, j.f føremålsparagrafa i folkehelselova. Arbeid og arbeidsdeltaking er svært viktig for god helse for kvar einskild arbeidstakar og samla for folkehelsa i kommunen. Vi oppmodar og til å ha fokus på inkluderande arbeidsliv som ein ressurs, for å sikre mangfald og nytenking.

Vi minner om at prinsipp om universell utforming og omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår skal vere ivaretatt i all planlegging, jf. føremålsparagrafen i plan- og bygningslova.

Areal- og transport, samferdsel

Kapittel 4 – «Framtida og retninga vi vil utvikle oss i» skisserer opp 7 viktige hovudtema for kommuneplanen. Fleire av desse tema heng saman. Dette gjeld særskilt: *Fitjar i berekraftig vekst; Bulyst og Levande sentrum*. Dette er tema som alle kan koplast til dei statlige planretningslinjene for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging (SBAT). Dette er retningslinjer som også er lagt til grunn i regionale styringsdokument, som *Regional transportplan 2018-2029* og *Plan for attraktive sentre i Hordaland 2015 – 2026*. Denne planen har hovedmål om at Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretak mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet. Dette er viktig føringar for den vidare planprosessen, og kommunen må utarbeide strategiar og tiltak som samsvarar med dei forventningane som er lagt. Det er mellom anna trekt fram at Fitjar vil stå ovanfor endringar knytt til lågutsleppsamfunnet og Parisavtalen. Dette er eit arbeid som vil krevje ein medviten haldning til ferdsel og dei ulike reisealternativa.

I hovudtemaa for KPS saknar vi ei nærmare omtale av transportutfordringar og korleis dette er tenkt løyst. Det er lite fokus på miljøvennlege reisealternativ og tilrettelegging for sykkel og gange. Slik satsing har og betydning for folkehelse, og bør starte tidleg i barneåra. Fordelen med Fitjar er korte avstandar til viktige målpunkt, og slik sett bør ferdsel skje med sykkel og gange framfor bil. Mobilitet i kommunen bør særleg viast større merksemd under temaet «Levande sentrum». Det er i dag enkelt å parkere i sentrum i Fitjar, og det gjer det enkelt å nytte bil på sjølv korte strekningar. I samband med ny reguleringsplan for sjøsida til Fitjar sentrum bør det grundig vurderast lokaliseringa og behovet for parkeringsplassar i sjøfronten. Eit raust parkeringstilbod gjere det enkelt å vere bilist, og mindre aktuelt å gå og sykle, sjølv når avstanden er kort. Korleis kommunen vil arbeide målbevisst for å fremje miljøvennlege reiser bør framkome tydeleg gjennom satsingsområder og strategiar i KPS for å svare ut dei overordna føringane det vert vist til i planprogrammet.

Næring

Aktuelt for arbeid med kommuneplan er «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*» – som er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune, interesseorganisasjonar i næringslivet, fleire forskings- og utdanningsinstitusjonar og regionale verkemiddelaktørar. Planen har ein langsigkt visjon: «Saman om verdiskaping i ein av Europas innovative regionar!» Hovudmåla seier mellom anna noko om å skape fleire innovative verksemder; fleire gründerar som etablerer berekraftige vekstverksemder; fleire innovative næringsmiljø. Planen framhev også viktigheten av målretta styring av offentlege verkemiddel og utviklingsarbeid. Noko av det som vert peika på som viktige føresetnader for lukkast på lengre sikt er å: leggja til rette for næringsaktørar som vil samarbeide med grunnskule og vidaregåande opplæring; leggja til rette for kompetanseheving og samhandling mellom offentleg sektor og næringsliv; stimulere til eit betre samspele mellom universitets- og forskingsmiljø og lokalt næringsliv; utvikle kompetanse som bedriftene kan bruka til å utforma søknader om EU-midlar.

Fitjar har flott natur og landskap. Denne er viktig å ta vare på, både med omsyn til innbyggjarande, men òg for tilreisande. Den er viktig både frå eit lokalsamfunnsutviklingsperspektiv, folkehelseperspektiv og næringsutviklingsperspektiv. I tillegg vil den kunne nyttast som ein ressurs i ein eventuell reiselivssatsing.

Reiseliv er ein viktig næring på vestlandet, og eit viktig satsingsområde for fylket, jf. regional næringsplan. Reiseliv er ein av Norges største eksportnæringer, og blant næringane med størst vekst. «Adventure-turisme» er ein av der sterkest veksande trendane innan reiseliv. Tilreisande ønskjer å oppleve, gjere og å lære. «Turpakkar» som gir ein heilskapleg oppleveling av staden er særleg attraktivt. Lokalmat er ein viktig del av det å utvikle attraktive reiselivstilbod.

Fitjar nemner i planprogram eit ønske om eit «levande sentrum». Her vil det vere viktig å involvera brent, og ikkje minst å ha næringslivet inkludert. Vi oppmodar til å rádsla med næringslivet, og at ein etterspør kva oppfatningar og behov dei har. Næringsliv sit ofte på viktig og framtidsretta kunnskap. Når det gjeld næringsutvikling vil det og vere viktig å setja fokus på digitalisering og ny teknologi, som til dømes kvardags- og velferdsteknologi.

Kommunen har eit aktivt landbruk. Dette er ein svært verdifull ressurs. Hordaland har ein låg arealdel dyrka eller dyrkbar mark, jf. regional planstrategi. Vi oppmodar kommunen til å ha målsetting og strategiar knytt til å ivareta jordressursane best mogleg. I tillegg til å ha fokus på arealdelen ved landbruk, er det i tillegg viktig å ha strategiar/tiltak knytt til produktutvikling/lokalmatsatsing osb. Vi oppmodar til at kommunen legg til rette for næringsutvikling for landbruket, og kommunen bør vere bevisste på korleis dei kan hjelpe gründerar i landbruket.

Vi oppmodar generelt til å tenkje visjonært kring entreprenørskap og næringsutvikling. Det er viktig å jobba langsiktig og kontinuerleg med næringsutvikling og entreprenørskap. I det vidare planarbeidet oppmodar vi til å ha fokus på nettverk, møteplassar og kompetansebygging som bidreg til å stimulera til, og å skapa «kultur» for entreprenørskap. Arbeidet med å fremja kultur for kreativitet og entreprenørskap bør starte tidleg, og her er deltaking i Ungt Entreprenørskap (UE) eit godt tiltak. Deltaking i UE aukar ikkje berre sannsynet for å starta eigen bedrift, men bidreg òg til eit meir kreativt tankegods blant unge som kan kome lokalsamfunna, kommunen og etablert næringsliv til gode generelt òg.

Klima

Visjonen i *Klimaplan for Hordaland 2014-2030* er «Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet». Måla omfattar konkrete tal på reduksjon av klimagassutslepp; effektivisere energibruk og bruk av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfold; samt tilpassing til klimaendringar basert på føre-var-prinsippet, grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

Klima og grøn samfunnsutvikling er adressert på ein svært god måte i framlegg til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel. Det er eit godt grep å vurdere klima og miljø som eit sektorovergripande tema, som skal institusjonalisera i all kommunal planlegging, framfor å handtere dette særskilt. Temaet er identifisert som ein av dei viktigaste utfordringane for kommunen i den kommande perioden, og eit område kommunen står ovanfor internasjonale pliktar. Vidare er klima og miljø inkludert i dei ulike potensielle undertemaa.

Kystsone

Strandsone og kystlandskap

I framlegget til planprogram står det som hovudtema «Fitjar i berekraftig vekst» at havbruk kystbasert reiseliv er noko som kommunen ønskjer å byggja på. Under hovudtema «Levande sentrum» er attraktiv sjøside nemnt, og det er trekt fram at arkitektur skal bygge på lokal byggeskikk. Under tema «Den grøne kommunen» står det skrive at kommunen har eit verdifult kyst- og kulturlandskap, og at Sunnhordland interkommunale miljøverk vil satse på sirkulærøkonomi, havbruk med lokalt- og regionalt eigm oppdrettsnæring med utviklingskonsesjonar. Dei vil satse på miljø og berekraft. «*Fitjarøyane er unike i landssamanhang og utgjer ein ressurs for kommunen. Øyane har nasjonal interesse, og kommunen har dermed eit stort forvaltningsansvar for å ta vare på øyane for kommande generasjonar.*» Vi saknar utover dette ein visjon og ein strategi om korleis Fitjar vil forvalte kystsona.

Strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn tilgjenge vektleggast sterkt. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8, dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av strandsona og dei arealpolitiske retningslinjene i fylkesplan for Hordaland. Hordaland fylkeskommune minner om *Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger* som vart vedteken 04.10.2017. No er planen inne for handsaming i departementet, men har uansett mange viktige føresegn som kan vere til god støtte i arbeid med kystsone i kommunen. Planen har mellom anna som mål at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur –og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre uheldig utbygging.

Akvakultur

Hordaland fylkeskommune forvaltar akvakulturlovverket i Hordaland fylke. I samband med planlegging etter plan- og bygningslova har fylkeskommunen lovfesta rett og plikt til å medverke i det kommunale planarbeidet (PBL §§ 11-4,5) for å ivareta statlege og regionale omsyn, og for å medverke til at planen får eit godt fagleg fundament. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa.

Skjelsand og råstoffutvinning

Skjelsand er blant anna eit rimeleg og godt kalkingsmiddel i jordbruksretten, ikkje minst i Hordaland. Kontinentalosokkellova slår fast at retten til utvinning av dei undersjøiske naturførerekomstane ligg til staten. Fylkeskommunen er sektormyndighet for uttak av skjelsand, som delegert konsesjonsmyndighet etter kontinentalosokkellova og ansvarleg myndighet for konsekvensutgreiing av slike tiltak. Det kan ikkje gjevast løyve til uttak av skjelsand i strid med bindande arealplan med mindre den aktuelle kommunen samtykker.

Kulturmiljø og kulturminne

Hordaland fylkeskommune gjev innspel som regional sektorstyresmakt for kulturminne. Innspelet er forankra i *PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* og i nasjonal lovgleving og politikk. I Kulturminnelova § 1 Lovens formål, heiter det:

«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og framtidige generasjoner opplevelse, selvforslåelse, trivsel og virksomhet.»

Forvalting og formidling av hus og landskap er ei hovudsatsing i PREMISS: KULTUR - Regional plan for kultur 2015-2025. Eit delmål i Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) er mellom anna at sentrumsutviklinga skal byggje på stadens historie, sær preg og landskapstrekk med særleg merksemd på den historiske staden.

Samfunnssdelen skal vere med på å definere og formidle kommunen sin identitet, og kva retning kommunen ynskjer å gå. Kulturminna i Fitjar kommune er ei rik kjelde til identitet og byrgskap og vil difor vere ein viktig ressurs i dette arbeidet. Kulturminna er òg kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt. Kulturminna i Fitjar bør og sjåast som ein helsefremjande faktor, då dei er viktige for alle generasjonar si sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Å finne god balanse mellom vern og utvikling er ei av desse utfordringane. Kulturminne er ressursar for å byggje Fitjar si framtid og bør integrerast tydeleg i samfunnssdelen. Tufta på kunnskap om Fitjar si kulturhistorie kan ei slik satsing gjere det enklare å ta i vare og foredle kulturminneverdiane på rett måte, prioritere dei i høve til kva utvikling ein ynskjer, og bruke dei til å formidle det særeigne ved kommunen.

Kulturminne er utdjupa under hovudtema «*mangfald*», men høyrer også til under fleire av dei andre hovudtemaa. Fitjar kommune vedtok ein kulturminneplan i 2015 som fekk fram eit mangfald av lokale kulturminne. Kulturminna kan vere ein viktig premiss rundt næringar knytt til reiseliv, kulturoppleving og

landbruk, og bør inngå i tema «*Fitjar i berekraftig vekst*». Kulturarven er ein del av attraktive bygder og er med på å definere bukvalitet og eit levande sentrum, og høyrer til under «*Bulyst*» og «*Levende sentrum*». I bygdene er kulturminne med på å støtte opp under temaet «Den grøne kommunen».

Kommunen har eit eige ansvar for å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø jf. pbl. § 3-1, bokstav b. Fylkeskonservatoren vil i dialog med kommunane arbeide for at kulturhistorisk landskap (KULA) av nasjonal interesse vert lagt inn i kommunale planar. KULA - området Fitjarøyane er nemnde under «Den grøne kommunen»

Det er viktig at arbeidet med kulturminneplanen vert integrert i samfunnssdelen, arealstrategien, og seinare i kommuneplanens arealdel med føresegner, retningsliner og omsynssoner. Vi utfordrar kommunen til å sjå kulturminneplanen i samanheng med kommuneplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv, kommuneplan for Fitjarøyane, strategisk næringsplan, landbruksplan og andre relevant planer, og rullere det slik at det i enda sterkare grad støttar opp om viktige mål i kommunen.

Vi viser òg til regional kulturplan, som omfattar heile kulturfeltet. Sjå nettsida
<http://www.hordaland.no/Hordalandfylkeskommune/Kultur/kulturplan/>

Oppsummering

Fylkeskommunen har merknader til folkehelse, senter- og tettstadutvikling, senterstruktur og handel, areal og transport, samferdsel, kulturmiljø- og kulturminne, strandsone og landskap, akvakultur, skjelsand og råstoffutvinning. Vi ber om at våre merknader vert ivaretakte i det vidare planarbeidet.

Lykke til!

Eva Katrine R. Taule
fagleiar communal plan

Nina Gjester Hoel
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamar:

Nina Gjester Hoel, Regionalavdelinga, Planseksjonen
Andreas Ask, Regionalavdelinga, Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling
Grete Jacobsen, Regionalavdelinga, Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling
Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen
Tale Halsør, Regionalavdelinga, Seksjon for klima og naturressursforvaltning
Øystein Monsen, Kultur og idrettsavdelinga, Fylkeskonservatoren
Elisabeth Warren, Kultur og idrettsavdelinga, Fylkeskonservatoren

Kopi:

STATENS VEGVESEN
FYLKESMANNEN I VESTLAND